



Gaute Lund og Kristian Bringedal på mållaget sin stand i desember 2015

Kvinnherad mållag har årsmøte sitt i kveld på Sunde kyst- og litteratursenter, Bergslagen. 10 av totalt 150 medlemmer har adresse Uskedalen. Dessutan er leiaren i laget ein uskedaling.

Målblomen er ros og heider til private og offentlege verksemdar, organisasjonar og institusjonar som over tid har brukt nynorsk i lysingar, marknadsføring og i alt skriftleg tilfang internt og ut mot brukarane. Mållaget har årleg sidan 1999 brukt Målblomen som motivasjonstiltak for å styrka nynorsken på alle område i samfunnet.

Desse verksemdene frå Uskedalen har motteke Målblomen:

2003: Uskedal Trelastlager

2012: Hjørnevåg

2014: SPAR, Uskedalen

Kven som vert tildelt Målblomen 2016 vert kunngjort i kveld kl. 20

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Morten Nygård

Nett: Thor Inge Døssland